



SPRØYTEROM: Grunnarbeida er i full gang, men avgjerande godkjenningar manglar før eit mellombels sprøyterom kan takast i bruk på området til det verneverdige Prinds Christian Augusts Minde sentralt i Oslo.

Manglar godkjenning

FLYTTING: Rusmiddeletaten i Oslo byggjer mellombels sprøyterom i Oslo utan godkjenning frå Arbeidstilsynet eller Plan- og bygningsetaten.

SOSIAL- POLITIKK

Av **Magnhild Folkvord (tekst)** og **Tom Henning Bratlie (foto)**

Inne på tomta som høyrer til det verneverdige anlegget Prinds Christian Augusts Minde (PCAM) i Storgata i Oslo er grunnarbeidet i full gang. Her skal to brakkeriggar, eller paviljongar, plasserast for å gi rom til eit mellombels sprøyterom for to år framover.

Men enno manglar god-

som er gitt, berre gjeld oppføringa av paviljongane.

– Vår vurdering har ikkje gått inn på bruken av lokala. Nye innvendingar som har komme inn til oss i det siste, har vi ikkje hatt høve til å behandle enno, seier Bergsvik til Klassekampen.

Ventar på svar

Fauske seier til Klassekampen at endringar skal gjerast i planane for å retta opp det som måtte vera av kritikkverdige forhold. Svar til dei tillitsvalde skal sendast 13. april, og sprøyterommet skal oppnast så snart bygget er klart til innflytting og møblar og utstyr er montert.

Eit sentralt punkt i innvendingane frå dei tillitsvalde, er korleis brukarane skal komma inn til og ut frå sprøyterommet. Det skal plasserast innafør salshallane som har front mot Storgata, og det er planlagt ein passasje, eller «tunnel», som dei skal gå

gjennom. Dei tilsette er vane med at brukarar kan bli aggressive, og i det eksisterande sprøyterommet i Tollbugata er det kort veg ut. Dei er redde for at ein stengd passasje kan skapa farlege situasjonar. Hovudtillitsvald Stein Asthøy i Sosiale Institusjoners Fagorening stiller seg noko undrande til dei signala som blir gitt frå RME-direktøren.

– Vi ønskjer ei risikovurdering frå arbeidsgivar av dei arbeidsforholda den nye plasseringa av sprøyterommet vil gi. Den har vi ikkje sett noko til enno, seier Asthøy til Klassekampen.

– Blir det aktuelt med ein slik passasje som det har vore snakk om, vil vi mellom anna ha bruk for fleire tilsette enn i dag, legg han til.

Andre vegar inn?

Den omtalte passasjen frå Storgata inn til paviljongane krev også ei separat godkjenning frå Plan- og bygningseta-

ten. Den godkjenninga er heller ikkje på plass enno.

Administrerende direktør i OBY, Jan-Egil Clausen, opplyser at paviljongane vil bli plasserte så snart dei er klare, uavhengig av om denne godkjenninga er kommen.

– Får vi ikkje den godkjenninga, må andre vurderer kva vi skal gjera. Det finst andre vegar inn til sprøyterommet enn gjennom ein slik passasje, seier Clausen.

Her får han støtte frå RME-direktøren. Ho meiner det vil vera aktuelt å bruka andre vegar dersom godkjenninga av passasjen let venta på seg.

Men frå byantikvaren si side har det vore viktig å sikra at ikkje brukarane av sprøyterommet skal ha fri tilgang til heile det verneverdige anlegget.

«Det ville vera krise om vi fekk ein brann i dette området,» sa antikvar Siri Hoem hos Byantikvaren til Klassekampen 20. januar i år.

Planen var tidlegare at paviljongane skulle vera på plass i midten av april. Clausen opplyser at dei blir monterte og plasserte så snart dei kjem frå den utanlandske leverandøren.

Protestane mot plasseringa av sprøyterommet er mange. Byantikvaren er uroleg for det verneverdige anlegget. Dei tillitsvalde har i tillegg til det som gjeld deira egne arbeidsforhold, også sosialfaglege innvendingar mot plasseringa.

Det same har bydelsutvalet i Bydel Grünerløkka, som i eit vedtak 22. mars i år også peiker på at bydelsutvalet ikkje har blitt rådspurt i denne saka.

magnhild.folkvord@klassekampen.no

Abonnements- bevis

KLASSEKAMPEN

30 år som dagsavis

Alle abonnenter som tenker seg på Klassekampens 30-årsjubileum bør klippe ut og ta med seg denne annonsen. Da får du nemlig oppleve Poling, Rockettohesky, Edvard Hoem, Jan Erik Vold, Alfred Janson m.m.

til halv pris!

Fabrikken, Oslo, 14. april fra kl. 19.00

KLIPP UT OG TA MED PÅ FESTEN